

Fra: Rosendal Bygdelag (post@rosendalbygdelag.no)

Sendt: 10.01.2020 14:15:24

Til: Post; firmapost-vest@vegvesen.no; fmvlpst@fylkesmannen.no; NVLFK.postmottak@vlfk.no

Kopi: solfridhs@gmail.com; arnout@ijzermans.com

Emne: Ekstra merknad Baronivegen 4

Vedlegg: Baronivegen 4 Rosendal Bygdelag (6 dec).pdf;20200110 Ekstra merknad Baronivegen 4.pdf

post@kvinnherad.kommune.no
firmapost-vest@vegvesen.no,
fmvlpst@fylkesmannen.no,
NVLFK.postmottak@vlfk.no

Til Kvinnherad kommune
Kvinnherad kommune, Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i vestland og
Statens vegvesen

Viser til tidlegare korrespondanse om sendt dykk Fredag, 6. desember,
2019 (vedlagt)

Rosendal bygdelag har tidlegare innan høyringsfrist kome med uttale om
at vi ynskjer største parten av planen avvist fordi den aukar tal kryss
på skulevegen , aukar trafikk nær skulane og at den grip fundamentalt
inn i regulering av ny- områdeplan. Planen om frittliggande einbustader
støttar vi.

Vi veit no at der føreligg planar om ein stor næringsaktør til Rosendal
: Lio Sag og treforedling. Dei har etter rykta planar om stort
næringsbygg på sjøsida av Skålagato, i området som vert kalla
Skålafjæro. Dette området er regulert til mellom anna næring og bustad
slik områdeplanen er idag. Rosendal bygdelag vil nok ein gong streka
under at vi er for ny næring, men om det no kjem stor næringseigedom på
sjøsida av Skålagato, så må også den store næringseigedom som denne
detaljplanen (deler av 82/180 og 83/5 m.fl.) omtalar ligge nær Lio sag.
Om dei ligg nær kvarandre kan dei nytte samme parkeringsplassar og
snuareal for lastebilar.

Og det viktigaste for bygda: Vi får ikkje tungtrafikk avkøyrslar på begge
sider av skulevegen, eller auka trafikk nær skulane med ekstra utbygd
busshaldeplass for rutegående bussar.
Dette er heilt sentralt for bygdelaget, FAU Malmanger skule, FAU
Rosendal Ungdomskule og Rosendal Skule.

Vedlag:
20200110 Ekstra merknad Baronivegen 4
20191206 Baronivegen 4

Om det kjem to store næringsbygg i Skålafjæro ber vi om at det vert
plass på sjøsida av eigedomane til strandpromenade, som har vore
etterlengta i bygda.

Venleg helsing Rosendal Bygdelag

--

Rosendal Bygdelag
Skålagato 49
5470 Rosendal

www.rosendalbygdelag.no